



**Hardangerrådet iks**



Hardanger

Til Sparebanken Vest  
Representantskapet ved leiar Erling Syvertsen og nestleiar Borghild Storås  
Kaigaten 4  
5016 Bergen

#### UTTALE FRÅ HARDANGERRÅDET IKS.

Hardangerrådet iks er regionråd for dei 7 kommunane/herada i Hardanger: Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda Ullensvang og Ulvik. Hardangerrådet iks hadde møte i Odda 16.10.2014 og fekk der orientering om dei siste filialnedleggingane i Hardanger frå SpV. Halgeir Isdahl og Tom Rasmussen orienterte grundig og nyttig om utviklinga av kundens moderne bankbruk og SpV sine framtidige tilbod til kundane.

Hardangerrådet iks konstaterer at sidan SpV vart fusjonert med Hardingbanken så er bankfilialen i Granvin og hovudkontoret på Utne lagde ned. No står nedlegging av bankfilialane i Eidfjord, Jondal og Ulvik for tur. Dette er ei utvikling som Hardangerrådet iks er lite tilfreds med og beklagar. Det er dei små distriktkommunane som gong etter gong vert ramma av ei sentraliseringsbølge frå statleg, fylkeskommunal og privat sektor. Nokre døme: Likningskontor, navkontor, posten, lensmannskontor, tannhelsetilbod, fiialklassar i vidaregåande skular og no bankfilialar.

Nedlegging av bankfilialar føyer seg dessverre inn i ei rekkje tapping av arbeidsplassar og kompetanse i lokalsamfunna våre, kanskje ikkje så mykje på kort sikt, men det er alvorleg på lang sikt. Dei små distriktkommunane arbeider iherdig med å få tilflytta nye innbyggjarar, men når sentraliseringa går så fort som no, så vert det vanskar med å oppretthalda attraktive tenestetilbod for tilflytting. Ei gledeleg historier er etablering av Statens Kartverk si avdeling i Kinsarvik. Regionen kan ta imot mange slike utplasseringar.

Hardangerrådet iks takkar for at SpV byggjer opp kontora i Norheimsund, Odda, Kinsarvik og Vossevangen, men sentraliseringa inn mot regionsenter og byar er sjølvforsterkande og treng motkrefter. Derfor ville det vore spenstig av SpV om dei hadde tenkt lokalbank der de la visse spesialiserte digitale tenester til ein av småkommunane våre. Hardanger etablerer no ein redundant fibernettring rund heile regionen med nesten ubergrensa kapasitet. Til dømes kan all SpV si kundestøtte-teneste «seven-eleven» lokaliserast til Eidfjord, Jondal eller Ulvik. Det hadde tilført Hardanger mange gode kompetansesarbeidsplassar utan å svekka SpV.

Hardangerrådet iks vonar Representantskapet i SpV vil drøfta nedleggingstrenden i bedrifta og at SpV i framtida ser alternativt på sine strukturendringar med relokalisering til Hardanger.

Kinsarvik 16.10.2014  
Med fruktbar helsing Hardangerrådet iks

Jon Larsgard/s  
Rådsvaraordførar

  
Leiv Vambheim  
dagleg leiar